

Spesielle avtalevilkår

Fatlatunnelen AS

Fatlatunnelen

1. Avtalen sitt omfang

1.1 Privatpersonar kan registrere maksimum to bilar pr. avtale. Firma kan registrere så mange bilar dei ønskjer på ein avtale, så langt at køyretøyet er registrert på same gyldige organisasjonsnummer. Ein krev éi brikke pr. bil og det må betalast kr 200 i depositum pr. brikke.

1.2 AutoPASS-brikka er i seg sjølv ikkje eit bevis for gyldig avtale. Betalt faktura og korrekt montert elektronisk brikke gir rett til rabattert passering av bomstasjonen til Fatlatunnelen.

1.3 Passeringar som framleis står ubetalt etter varsling kan bli ilagt tilleggsavgift i samsvar med forskrifter godkjent av Samferdselsdepartementet.

2. Faktura og avregning

2.1 Det blir sendt faktura for den rabattsats som er kryssa av for i avtalen, samt eventuelt brikkedepositum. Forskotsbeløpet blir rekna ut frå høgaste registrerte takstgruppe.

2.2 Alle passeringar skal være førehandsbetalte. Ikkje motteken faktura eller varsel fritar ikkje kunden frå plikta til å sørge for at avtalen er gyldig ved passering av bomstasjonen.

2.3 Passeringar blir avrekna fortløpande med den rabattsats som er valt i avtaletype.

2.4 Ny faktura sendes når det er ca. 25% igjen av forskotsbeløp for den rabattsats som er valt i avtaletype.

3. Endring i avtale

3.1 Kunden er ansvarleg for at dei opplysningane som er gitt i avtaledokumentet er korrekte. Alle endringar i avtalen, slik som byte/sal av bil, avtaletype eller adresse, skal meldast skriftleg til Fatlatunnelen.

3.2 Kunden er ansvarleg for å fjerne brikka ved sal eller avhending av køyretøyet. Brikka kan då bli overført til nytt køyretøy eller kan returnerast Fatlatunnelen for sletting av informasjon.

3.3 Det er ikkje høve til å overdra avtalen til andre personar eller selskap.

3.4 Kunden er til ei kvar tid ansvarleg for bruken av den utleverte brikka og plikter å gi melding til Fatlatunnelen snarast dersom ein mister brikka eller den blir stolen.

4. Refusjonar

4.1 Det beløpet som står att av innbetalt forskot blir refundert ved oppseiing av avtale. Depositum blir refundert for uskada AutoPASS-brikke. Dersom kontonummer ikkje er oppgitt i avtalen, vil beløpet gå til den konto som forskotsbeløpet sist blei betalt frå. Lågaste beløp som blir refundert er kr 50,-.

5. Lyssignal

5.1 Grønt lys betyr gyldig passering.

5.2 Kvitt lys betyr gyldig passering, men varslar også om at forskotsbeløpet snart er oppbrukt og at ny faktura er undervegs.

5.3 Manglande lys kan skuldast at avregningssaldo er null. Saldo blir opplyst på www.fatlatunnelen.no. Ved feil på brikka må Fatlatunnelen kontaktast.

6. Takstar

6.1 Kundens saldo blir belasta med den pris som berekna utifrå dei til ei kvar tid gjeldande takstar.

6.2 Takstar pr. 19.12.08 følger i tabell under.

Rabatt	Lette køyretøy (tillate totalvekt t.o.m. 3.500 kg)		Tunge køyretøy (tillate totalvekt f.o.m. 3.501 kg)	
	Forskotsbeløp	Pr. passering	Forskotsbeløp	Pr. passering
0		28,00		56,00
30%	980,00	19,60	1.960,00	39,20
50%	5.600,00	14,00	11.200,00	28,00

Generelle Vilkår

1. Innleiande vedtekter

1.1 Fatlatunnelen AS gir Kunden rett til å nytte AutoPASS-brikka (Brikka) i alle bompengeanlegg eller andre transportrelaterte tenester (Anlegg) knytt til AutoPASS-avtalen (Avtalen). Brikka blir utlevert av brikkeutskrivnar (Utskrivar) eller forhandlar.

1.2 Avtalen inkluderer Generelle vilkår, Lokale vilkår, Avtale- skjema og Rettleiing. Ved motstrid gjeld ovannemnde rekkefølge.

1.3 Kunden aksepterer dei vilkår som følgjer av Avtalen.

1.4 Kunden er sjølv ansvarleg for å halde seg oppdatert om kva for nokre Anlegg som er knytt til Avtalen. Informasjon kan ein få på www.autopass.no eller telefon 02012.

1.5 Kunden sitt bruk av Anlegg som er knytt til Avtalen, blir belasta Avtalen.

1.6 Fatlatunnelen AS har rett til å belasta Avtalen for bruk av Brikka i andre Anlegg knytt til Avtalen dersom Kunden ikkje har reservert seg mot dette (jf. Avtaleskjema). Fatlatunnelen AS er betalingsformidlar.

2. Avtaleperiode

2.1 Avtalen er gyldig frå den startdato som er angitt i Avtalen, tidlegast frå dato for underskrifta til Fatlatunnelen AS sin forhandlar.

2.2 Avtalen er gyldig inntil ein av partane skriftleg seier opp Avtalen eller at Brikka blir returnert.

3. Kunden sitt ansvar

3.1 Dei ulike typar avtaler og betalingsordningar ein kan teikne, framgår av Avtaleskjemaet framme. Fatlatunnelen AS sine takstar samt depositum for Brikka blir fastsett av offentlege styresmakter, og framgår av separat prisoversikt. Ved bruk av Brikka i dei andre Anlegga som Avtalen omfattar, skal det betalast gjeldande takst i det enkelte anlegg.

3.2 Kunden er ansvarleg for at opplysningar som er gitt i Avtaleskjemaet er korrekte.

3.3 Retten til bruk av Brikka føreset rettidig handsaming av krav frå Fatlatunnelen AS

3.4 Kunden kan ikkje nytte Brikka i andre motorvogner enn det som er angitt i denne Avtalen.

3.5 Passeringar skal skje i felt merka med AutoPASS eller felt for elektronisk lesing.

3.6 Montering og bruk av Brikka skal skje i samsvar med instruksjonar gitt av Fatlatunnelen AS

3.7 Kunden skal melde ein kvar endring i køyretøydata, innan tre verkedagar etter at slik endring har skjedd. Slike endringar skal imidlertid ikkje skje hyppigare enn kvar tredje dag.

3.8 Verken Avtalen eller Brikka kan overførast til andre.

3.9 Kunden er betalingsansvarleg for bruk av Brikka hjå kvar Operatør knytt til AutoPASS-tenesta fram til retur eller meddelt tap av Brikka uansett om han sjølv nytter eller lar andre nytte Brikka.

4. Fatlatunnelen AS sine plikter

4.1 Når Avtalen er akseptert skal Kunden betale depositum og motta ei Brikke, dersom Kunden ikkje har slik Brikke frå før.

4.2 Fatlatunnelen AS skal tilby Kunden informasjon vedrørende AutoPASS-tenesta og bruk av denne.

4.3 Det blir gitt grønt eller ikkje noe lyssignal ved godkjent passering. Gult lys blir gitt ved ubetalt /ugyldig avtale, manglande brikke, feil på brikke eller feilaktig montering, og utløyser automatisk videofotografering. Kvitt lys varslar godkjent passering, men at innbetalt forskot snart er oppbrukt. For vidare bruk av tenesta må ny faktura betalast eller trekk på Kundens konto bli gjort av Fatlatunnelen AS. I automatiske stasjoner kan andre lyssignal inntreffe (se Lokale vilkår)

4.4 Dersom Fatlatunnelen AS gjer feil ved registrering av køyretøydata kan Kunden krevje Fatlatunnelen AS for dekning av feilaktig betalt krav.

5. Tilleggsavgift og misleghald

5.1 Brot på Avtalen kan medføre tilleggsavgift for Kunden.

5.2 Klage på tilleggsavgift skal alltid rettast skriftleg til det selskap som har skrive ut tilleggsavgifta.

5.3 Dersom Kunden gir feil opplysningar om køyretøydata slik at Fatlatunnelen AS blir påført tap, kan Kunden etterskotskrevjast for det tap Fatlatunnelen AS er påført.

5.4 Fatlatunnelen AS har rett til å heve Avtalen dersom Kunden vesentleg mislegheld dei plikter som følgjer av Avtalen.

6. Tap, skade eller tjuveri av Brikka

6.1 Kunden er ansvarleg for all oppbevaring og bruk av Brikka. Ved tap, skade eller tjuveri blir ikkje depositumet refundert.

6.2 Kunden er ikkje betalingsansvarleg for bruk av Brikka dersom Brikka eller køyretøyet er tatt frå Kunden ved tjuveri. Dette føreset at Kunden ikkje var uaksam ved oppbevaring av Brikka samt at forholdet blir anmeldt.

7. Oppseiing av Avtalen

7.1 Kunden har til ei kvar tid rett til skriftleg å seie opp Avtalen med Fatlatunnelen AS

7.2 Avtalen kan overførast til ein annen Utskrivar dersom Fatlatunnelen AS legg ned si verksemd. Melding om nedlegging vil bli gitt seinast 3 månader før Fatlatunnelen AS avsluttar si verksemd.

7.3 Ved oppseiing vil unnytta, innbetalt forskot bli refundert Kunden, i henhold til Lokale avtalevilkår.

8. Endringar i Avtalen

8.1 Fatlatunnelen AS kan foreta mindre endringar i Avtalen. Gjeldande versjon av Avtalen finn ein på www.fatlatunnelen.no, hjå Fatlatunnelen AS og hos Fatlatunnelen AS sine forhandlarar. Vesentlege endringar skal kunngjerast eller sendast skriftleg til Kunden. Nemnde endringar trer i kraft ved første etterfølgjande betaling av faktura, eventuelt trekk på Kunden sin konto hos Fatlatunnelen AS.

8.2 Endringar i avtaleperioden vil berre kunne skje som følgje av politiske styresmakter sine vedtak eller andre ekstraordinære forhold utanfor Fatlatunnelen AS sin kontroll. Slike endringar vil kunngjerast seinast 4 veker før endringa trer i kraft. Endring av takstar og andre priser blir annonsert i samsvar med vedtak gitt av Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen.

9. Personvern

9.1 All bruk av Brikka vil bli registrert i samband med betalingskontroll, framstilling av anonymisert statistikk, og eventuelle opplysningar til Kunden. Registreringa skjer i tråd med personopplivningslova sine vedtekter.

9.2 Brikka kan nyttast for anonymisert datainnsamling. Dette skal utførast utan at personopplivningar blir handsama.

9.3 Nærare informasjon om handsaming av opplysningar om Kunden, kan ein få ved å kontakte Fatlatunnelen AS. Opplysningar om Kunden blir nytta berre til å administrere AutoPASS-tenestene. Opplysningane om Kunden kan bli utlevert til operatørar av AutoPASS-tenestene.

9.4 Opplysningar om kvar enkel AutoPASS-passering blir sletta så raskt som mogeleg etter at faktura er betalt. Ved tvist om betalingsplikta blir opplysningane oppbevart inntil kravet er gjort opp eller rettsleg avgjort.

10. Kommunikasjon

10.1 Førespurnader frå Kunden til Fatlatunnelen AS vedrørende Avtalen, Brikka mv. skal sendast skriftleg pr. brev, telefaks eller e-post til adressa som er oppgitt på Avtaleskjemaet.

10.2 Med mindre anna er omtala i Avtalen skal meldingar frå Fatlatunnelen AS til Kunden vedrørende Avtalen sendes pr. post eller e-post til adressa oppgitt i Avtaleskjemaet. Meldingar kan også inkluderast i fakturausendingar og eventuelle purringar.

10.3 Reklamasjon på belastning av passeringar må framsettast seinast 30 dagar frå det tidspunkt då Kunden fekk kunnskap om belastninga. For passeringar i utlandet må reklamasjon skje seinast 60 dagar etter passering. Rettslege tvistar vedrørende reklamasjon skal avgjerast ved domstolen der Operatøren har si adresse.